



Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykker:
Vår: 21/304 - 21/2825

Sakshandsamar:
Oddvin Arne Neset
oddvin.arne.neset@masfjorden.kommune.no

Dato:
25.03.2021

Søknad om tilskot - Eldre ut på middag

Viser til tilskuddsordninga Eldre ut på middag, og sender med dette søknad frå Masfjorden kommune.

Mål med tilskotet:

Masfjorden kommune ynskjer å bidra til å motverke fysiske og psykiske konsekvenser av sosial isolasjon og legge til rette for at eldre skal få oppleve sosialt fellesskap når vaksinasjonen er gjennomført.

Prosjektskildring:

Masfjorden kommune ynskjer å stimulere lokale serveringsstader til å tilby eldre over 65 år i Masfjorden rimeleg middag og kaffimat som dei kan innta i fellesskap med andre. Tilskotsordninga skal bidra til at seniorane opplever det attraktivt å oppsøkje lokale serveringsstader for å innta måltid.

Tilskotet vil verte nytta til vidaretildeiling til dei serveringsstadene som etablerer eit slikt tilbod, og tilskotet vert gjeve ut frå talet selde middagar/kaker/smørbrød. Avgrensa opningstider på nokon av serveringsstadene i kommunen gjer det meir føremålstenleg å spreie tilboden over fleire veker våren 2021 enn å konsentrere det om ei veke.

Innbyggjarane i Masfjorden bur spreidd, og det er lange avstandar. For dei som ikkje kjører eigen bil er ikkje kollektivtransport eit alternativ når ein skal til kommunen sine handlecenter, tidsintervalla mellom bussrutene er for lange. Taxi er då aktuelt for nokon.

Dersom me får tilskot vil me gå i dialog med serveringsstadene og taxinæringa med tanke på å få til eit samarbeid om rimeleg måltid og transport. Masfjorden kommune har 3 pensjonistlag som me vil samarbeide med om tilboden.

Budsjett:

Masfjorden kommune har ca 260 innbyggjarar over 65 år. Me ynskjer å kunne tilby serveringsstadene kr.100,- i tilskot pr. middag m/dessert og kaffi som vert selv, og kr. 50,- pr. kaffi m/kake/smørbrød. Me ser for oss at nokon eldre vil benytte seg av tilboden fleire dagar den aktuelle veka medan andre ikkje vil benytte seg av tilboden. Me meiner difor at eit snitt på kr. 100,- pr ib. i målgruppa er eit passande estimat. **Me søker om tilskot til måltid på kr. 100,- x 260 innbyggjarar = kr. 26.000,-.**

For dei som må nytte taxi vil ei reise til handlesentra beløpe seg til mellom kr. 1000,- og kr. 2.000,- tur retur. **Me legg til grunn at 40 personar vil trengje taxi. Med ein snittkostnad på kr. 1.500,-, søker me kr. 60.000,- i tilskot til transport.**

Egenfinansiering:

Masfjorden kommune kar ikkje budsjettert med dette tiltaket, og har ikkje eigne midlar til å leggje inn i prosjektet. Dersom fleire eldre benytter seg av tilbodet enn det som går fram av planlagt budsjett vil Masfjorden likevel garantere for tilskot til serveringsstadene, og dekking av reisekostnader med eigne midlar for den aktuelle perioden.

Søknadsbeløp kr. 86.000,-

Med helsing

Oddvin Arne Neset
helse- og omsorgsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur***Vedlegg:**

Kopi til:

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland